

Fra: Marianne Aadland Sandvik
Sendt: 25. januar 2018 13:22
Til: 'christer_dale2@msn.com'
Emne: Vedr. spørsmål om terrenginngrep på gbnr. 38/53

Hei

Viser til spørsmål om sprenging på gbnr. 38/53.

Du spør om det kan utførast terrenginngrep på inntil 3 meter utan å søkje. Dette gjeld for bebygde tomter. Denne eigedomen er ubebygd og satt av til landbruk, natur og friluftsmål (LNF-formål) i kommuneplanen sin arealdel. Dette inneber at det ikkje kan gjerast tiltak på eigedomen utan å søkje om dispensasjon frå arealformålet LNF.



Ut ifrå bildene du sendte er eg litt usikker på kva kolle du tenkte å fjerne. Er det den som pila viser til? I så fall ligg den utanfor dine eigedomsgrenser.

På bakgrunn av dei opplysningane vi har frå deg er det vår vurdering at tiltaket er søknadspliktig med krav om ansvarleg foretak. I tillegg må det søkjast om dispensasjon frå arealformålet LNF. Viss tiltaket er tenkt gjennomført nærare sjøen enn den stipla linja som vist til på bilete over, må det i tillegg søkjast om dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona. Viss terrenginngrepet kjem nærare nabogrensa enn 4 meter må det i tillegg søkjast om dispensasjon frå byggjegrensa mot nabogrensa eller de må få samtykke til plasseringa frå eigar av naboeigedomen.

Du kan sjølv søkje om dispensasjon, men du må ha eit ansvarleg foretak som søkjer og gjennomfører terrenginngrepa viss det blir gitt løyve. Ein dispensasjonssøknad må begrunnast med at formålet det blir søkt om dispensasjon frå ikkje vil bli «vesentlig» sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere «klart større» enn ulempene, jf. plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd. Søknaden må nabovarslast og det må leggjast med kart som viser arealet som bli omfatta av terrenginngrepa.

Ring meg gjerne om noko er uklart.

Med venleg helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no

